

ar?

10

TIL DISKUSJONEN OM DET ØKONOMISKE ARBEIDET I PARTIET ?

P' møte om økonomien, med representanter for SK, skal DS/AU møte og ikkje berre formann og kasserar som nemnt i økonomi-notatet.

Problemstillinger til økonomidiskusjonen:

1. Om avviket i økonomiarbeidet
2. Om leing av økonomiarbeidet i distriktet
3. Retningsliner for budsjettering, bokføring og kontroll
4. Retningsliner for DS sitt økonomiarbeid (sjå kapit. VI)

Koba

Til Distriktsstyra

Pkt. 1.

Materiale til diskusjon om det økonomiske arbeidet i partiet.

I. Kameratar.

Som tidlegare nemd, har SK planlagt diskusjonar med representantar for DS-å i næraste framtid om økonomiarbeidet i partiet.

Målsetjinga med desse møta er å styrke økonomiarbeidet i partiet gjennom å skolere DS-medlem og styrke DSA sine kunnekapar og grep om partiet sine linjer og arbeidsmetodar på økonomien sitt omkvervo.

På møta om økonomien, med representantar for SK, skal minst formann og kassarar taka del.

II. Som førebunde materiale til desse møta, sender vi ut følgjande:

a) Notat om naudsynet av å styrke det økonomiske arbeidet.

b) Tilvisning til to artiklar av Mao:

- "Legg vekt på det økonomiske arbeidet" (ME-skoleheftet om økonomi)
- "Nooen spørsmål vedrørende metodene for ledelse" (SIU/slpf.)

I tillegg bør vi dykk lese gjennom partivædtektene, særskilt avsnitta om DS, om partiet sine organisasjonsprinsipp og om partiet sin eigedom.

III. Det vedlagde notatet er utarbeida av underteiknande på oppdrag frå SK/AU.

AU tek ikkje standpunkt til formuleringane i dokumentet. Det er først og fremst laga som førebuingmateriale til diskusjonane.

SK/AU vil tidleg på nyåret utforme eit generelt direktiv om økonomiarbeidet.

På oppdrag frå SK/AU

Koba.

II Kvifor drive økonomisk arbeid?

I vårt arbeid er vi kjent med at partiet si politiske line både i kampen for revolusjonen, for kampen idag og den organisatoriske sikringa av arbeidet er føresetnader for at vi skal lykkast. Vi legg stor vekt på dei politiske diskusjonane og på å stålsetja kadern og innføre en medveten disiplin som set partiet istand til å setja politikken ut i livet. Til dette må vi leggje til ein tredje sak, som er partiøkonomien. Partiøkonomien har til oppgåve å leggje det materielle og økonomiske fundamentet for å kunne setja partilina ut i livet. Etterkvart som partiet si politiske og organisatoriske styrke veks, vil vi utan dette fundamentet kome til kort i arbeidet. Mao legg vekt på i sin artikkelen om økonomisk arbeid at "den økonomiske oppbyggjinga må følgje opptrappinga av den revolusjonære krigen." I dette ligg det at økonomien vert avgjerande for kvaslags nivå vi skal fungere på i klassekampen.

Partiet sin propaganda er eit døme på dette. Overgangen frå Klassekampen som månadsavis i starten og vidare til dagsavis i framtida har tvingi seg fram med veksavisa, auke i sidetalet og to gonger i veka frå nyttår som førebels mellomstasjonar. I dette arbeidet har sikringa av fundamentet til avisa gjennom abonnementsverving og auklaussal vert sentralt i partiet si verksemd dei siste årsplanane.

Innsamlinga til rotasjonstrykkeri som pågår no, skal leggje fundamentet for eiga produksjon av avisa. Slik får det økonomiske arbeidet rundt avisa og trykkeriet store politiske konsekvensar.

På same vis ser vi at arbeidet med å styrke forlagsdrifta og utgjevinga av klassikarar og dagsaktuelle bøker, har skjærpa naudsynet av å styrke forlaget sin økonomi. Av dette ser vi at økonomien vert eit vilkår for kva vi får gjort.

Årsplanen vi no er inne i har som målsetjingar å konsolidere partiet - politisk, ideologisk og organisatorisk. Korrigere revisjonistiske feil, og styrke røttene åt partiet i proletariatet. Vi legg vekt på arbeidarklassen si leiande rolle, på å styrke disipliner auke medlemstalet gjennom medlemsverving. Vi styrker tryggleiken i partiet, legg om det organisatoriske arbeidet og førebur oss på at partiet kan verta illegalisert.

Samstundes står partiet overfor store, eksterne kampoppgåver: Mobilisering av arbeidsfolk til kamp mot krisa, kampen mot supermaktene og imperialismen og kampen for å slå attende hets- og kriminaliseringskampanjen mot kommunistane.

På same vis som vi legg stor vekt på rotasjonsinnsamlinga, abonnementsverving, boksar osv. avdi dette er ein viktig del for å sikre det økonomiske fundamentet for å auke og atbedre propaganda-versemda vår, må vi leggje vekt på partiet sin økonomi når styrkinga av partiet og partiet si verksemd aukar. Noko anna vil vera sabotasje av økonomiarbeidet som i røynda er sabotasje av partiet si revolusjonære verksemd, sabotasje av partilina.

III. Økonomiarbeidet er ein del av partiet sitt organisasjonsarbeid.

3.1 Om politikk og økonomi.

Nokre av dei viktige lærdomane vi kan trekkje ut av Mao Tse-tung sine artiklar om økonomisk arbeid er: Vi må ha ei riktig kommunistisk line for økonomiarbeidet, vi kan ikkje skilje mellom det økonomiske og politiske arbeidet. Det er nært mellom desse felte. Dei må knyttast nært saman og partimedlemma og massane må mobiliserast til aktiv deltaking i økonomisk arbeid i same takt som den politiske kampen skjerpar seg.

Dette er føresetnader for at partiet skal kunne drive eit godt økonomiarbeid som kan sikre partiet si drift, finansiere produksjon,

kapital til naudeøynte investeringar osv.

3.2 Partiet si organisatoriske line. Partiet sitt arbeid er innretta på arbeidarklassen, på at partiet skal vera ein del av klassen, bestå av dei fremste i klassen og utgjera ei leiing for klassen. Innad i partiet har vi ei organisatorisk line som innekerpar dei leninistiske normane med disiplin i rekkjene, sentralisert leiing, kollektivt ansvar og vitskapelag planleggjing. Uten dette organisatoriske arbeidet er politikken og planane våre lite verd. Det organisatoriske arbeidet er vår styrke i kampen mot undertrykking og utbytting.

Vi skal sjå at dette og gjeld for økonomiarbeidet og at det er eit nøkkelspørsmål om vi skal ha framgang i økonomiarbeidet vårt. Lina for økonomiarbeidet er ein lek i partiet si organisatoriske line. Om spontanisme, liberalisme, vantande leiing, undergraving av partiet si økonomiske sjølbergjing, vantande mobilisering av medlem og massar osv. får rå, tyder dette at revisjonismen får rå på eit sentralt felt av organisasjonsarbeidet.

3.3 Styrk den demokratiske sentralismen i økonomiarbeidet

For å løyse dei oppgåvene som er nemd, må vi som i alt anna arbeid i partiet drive økonomiarbeidet etter den demokratiske sentralismens prinsipp med ei fast leiing frå partisentralen, frå DS-a og avdelingsstyra. Økonomien er eit kollektivt ansvar for styra. Den er ikkje ein sak som vi kan "plassere burt" til ein kamerat for at han/ho skal "administrere" dette arbeidet i ein krok for seg sjølv.

Når vedtektene slår fast at økonomiansvarleg i DS skal sitja i AU, er det heilt i samsvar med at økonomiarbeidet treng ei fast leiing og at det ikkje kan skiljast frå anna politisk arbeid. Alle andro løysingar med økonomiansvarleg utafor AU eller til og med utanfor det valde DS er ei underkjenning av økonomien som ein del av vårt politiske og organisatoriske arbeid.

Heile DS har eit kollektivt ansvar for økonomien gjennom å drive fram kontingenten, få medlema opp i satsane og auke inntekten til partiet, drive fram økonomikampanjene og setje opp økonomien på dagsorden i alle politiske diskusjonar som har økonomiske konsekvensar.

Det seier seg sjølv at det ikkje er tilstrekkeleg at ein kamerat har grep om økonomiarbeidet, når det meste av vårt arbeid har økonomiske konsekvensar og så mykje av økonomiarbeidet er basert på grunnorganisasjonane og medlema si innsats på det økonomiske området.

3.4 Styrk planleggjinga - nedkjemp spontaniteten

At spontanismen er ein skadeleg tendens i økonomiarbeidet er lett å syna med eit par dome: I ein streikesituasjon må vi raskt ut med ein løpeseddel, men i farta "gloymer" vi å diskutere korleis vi skal betale trykkeriet. Eller i innspurten foran ein demonstrasjon organiserer vi ikkje noka innsamling og taper fleira tusen kroner. Ei siste dome kan vera at vi investerar i eit trykkeri utan å ha klart for oss korleis det heile skal finansierast og drivast.

Alle desse tre dome er dome på spontanitet som ofte har påført partiet store tap.

For å nedkjempe ein slik skadeleg tendens i partiværksemda, må vi akkurat som i det interne og eksterne arbeidet ellers, leggje stor vekt på planleggjinga av arbeidet.

Partiet sine årsplanar har store økonomiske konsekvensar som må innarbeidast i årsplanane. På grunnlag av dei politiske planane må vi utarbeide budsjett. Eit budsjett er ikkje noko anna enn eit politisk dokument som fortel kor mykje dei politiske oppgåvene for ei tid framover vil koste og korleis vi skal skaffe inntektene

for å finansiere desse oppgåvene.

Utgiftssida i budsjettet fortel altså om dei politiske oppgåvene som står framfor oss, mens inntektssida krev at vi legg planar for korleis vi skal sikre den naudsynte inntakta. Dette krev at økonomiarbeidet i organisasjonen må planleggjast politisk og organisatorisk. T.d. abonnementskampanja for Klassekampen er eit resultat av planane for avis to gonger i veka, økonomisk krev dette blant anna 2.500 fleire abonnentar og eit laussal på ca. 19-20.000 i veka.

Tilsvarande planleggjing må skje for drifta til DS som vert finansiert av kontingentdelen. Foruten å fylle trøngene partisentralen har for driftsinntekter, må DS planleggje korleis dei kan auka si inntekt gjennom auka kontingentinngang, utan å ta den lette vegen med å søkje om større prosentdel. Sparere bør DS planleggje korleis dei kan motivere medlemma til auka innsats i kontingentarbeid og korleis dei kan organisere og følgje opp at det skjer og ha som målsetjing å minke sin prosentdel. Dette tyder nemlig at inntektene til DS, såvel som til SK aukar.

3.5 Mobiliser avdelingsstyra

Dette notatet har slått fast at DS er dei viktigaste å gripe fatt i for å styrkje økonomiarbeidet i partiet. Dette heng saman med at DS er dei som best kan mobilisere avdelingsstyra og medlemsmassen til auka aktivitet i økonomiarbeidet.

DS si oppgåve må vera å skolere avdelingsstyra i organisasjonsøkonomi, rettleie dei i arbeidet, drive ideologisk kamp mot range idear om økonomien, setje målsetjingar for kvar avdeling i kontingentspørsmålet, i innsamlingene, i abonnementskampanjene osv. Alt dette arbeidet må følgjast opp og kontrollerast.

3.6 "Når politikken er klar - avgjer kadern alt"

Denne tesa gjeld og i økonomiarbeidet. Det trengst eit stort tal med kader for å setje vår økonomiske politikk ut i livet. Avdi det økonomiske arbeidet ikkje er godt nok utvikla i partiet, ser vi ofte store problem med å finne dei rette kadrane til økonomiansvarlege. For å utvikle ein "hær" av økonomikader treng vi ikkje berre "eksperter", tvertom har vi lagt stor vekt på at økonomien er eit kollektivt ansvar. Derfor bør denne hæren innehalde all styrekadern sånn at det vert eit stort grunnlag å vurdere nye økonomikadre til å fylle viktige posisjonar i partiet. I dei særskilte økonomistillingane treng vi kader som er sjølvstendige, med eit godt politisk, ideologisk nivå og organisatoriske røynslar som kan kjempe fram økonomien sin rettmessige plass i partiet. Eit tilleggskriterium for økonomiansvarlege i den noverande stoda i partiet, bør vera interesse for økonomiarbeidet. Utan interesse for arbeidet står vi overfor faren for at økonomiarbeidet ikkje vert hovudoppgåve for økonomiansvarleg, men vert prioritert bak andre oppgåver som styra må ivareta.

3.7 Kontroll av arbeidet

Ei viktig oppgåve som ligg langt nede mange plassar idag, er kontrollen av økonomiarbeidet i organisasjonen. I dag er det ikkje vanskeleg for rotne element å lure unna av partiet sine pengar. Stoda kan vera slik at berre pga av slurv og rot kan pengar verta borte, at medlem ikkje betaler kontingent eller at kontingenten vert halden attende i lang tid.

Ei anna tendens er at avdelingane held attende mykje pengar til eiga drift, dette fører til blant anna at planleggjinga vert nedvurdert avdi "det ikkje er naudsynt" - ein har nok pengar" eller tilsesling avdi ein har mykje pengar i avdelingskassa.

Alle desse sakane peikar på at kontrollen av økonomiarbeidet i organisasjonen, er eit viktig felt å arbeide på for å styrkje partiet sin økonomi.

Opplegg frå DS si side når det gjeld reiknskapskontroll, revisjon osv. må organiserast.

IV. REVISJONISME ER HOVUDFÅREN I ØKONOMIARBEIDET!

4.1 Utfrå det vi allereie har vore inne på, kan vi oppsummere hovudprinsippa for ei korrekt marxist-leninistisk line på økonomien sitt omkverve slik:

a) Partiet sitt økonomiarbeid må aldri skiljast frå politikken. Utan at vi har lagt eit solid, materielt grunnlag er det umogleg å loyse partiet sine politiske og organisatoriske oppgåver i klassekampen og revolusjonen. Utan pengar, er det latterlig idealisme å tru at propaganda, reising, tiltak for å tryggje partiet mot klassefienden, utvikling av transportressursar, organisering av møte og demonstrasjonar, spreiding av litteratur, tilsetting av kader osv. i det heile teke er mogleg.

b) Slik stoda er, er det to moglege vegar å gå for å reise dei naudsynte finansane: Sjølvyberging gjennom mobilisering av partimedlemma og massane organisert på grunnlag av korrekte, leninistiske arbeidsmetodar, eller trygle borgarskapet sin stat om finansiering slik dei revisjonistiske partia gjer. Om vi vlade denne siste lina, ville partiet degenerere til eit borgerleg, revisjonistisk parti.

Den korrekte, marxist-leninistiske lina kan soleis ikkje vera tufta på noko anna enn sjølvterging og mobilisering av massane!

c) Lina for partiet sitt økonomiarbeid er ein del av partiet si line på det organisatoriske omkvervet. Dette tyder at økonomiarbeidet må drivast etter den demokratiske sentralismen sine prinsipp. På alle nivå i partiet må økonomiarbeidet underleggjast effektiv, sentralisert leiing, samstundes som styra kollektivt drøfter, kontrollar og dreg opp retningslinene for økonomiarbeidet.

d) Sløsing, byråkratiisme og rot må renskast ut av økonomiarbeidet. Planleggjing/budsjettering og kontroll må gjennomsyre arbeidet.

e) Det må førast kontinuerleg, ideologisk strid på økonomien sitt omkverve. Idear som "vi samlar inn for mykje", "pengar ordnar det seg nok med", "økonomien er kasseraren si sak" og alle former for sløsing, rot liberalisme osv. må bannlysast.

4.2 Hovudfeilen i økonomiarbeidet har utvilsomt vore høgrev-opportunisme og revisjonisme. Hovudfåren for økonomiarbeidet framover er likeeins revisjonisme.

ML-rørsla har ei stolt historie når det gjeld økonomiarbeid, som dei moderne revisjonistane er grøne av avundsjuke på. Kvar gong t.d. SV/SVU er på konkursens rand, skriv leiinga moralistiske artiklar i internblada sine om at på dette omkvervet må "vi lære av ml-arane". Men avdi dei er antileninistar skjonar dei sjølvsagt ikkje at sjølvyberging og revisjonisme er som ild og vatn. Og kvar gong ender sutringa deira opp med krafing etter meir statspengar!

Partiet har utvikla ei korrekt hovudline, tufta på marxist-leninistiske prinsipp, for økonomien. Rotasjonsinnsamlinga, valinnsamlingene, kontingentsystemet, oppbyggjinga av trykkeri- og forlagsverksamd osv. er resultat som syner dette.

Men heile tida har det stått ein skarp kamp mellom to liner på økonomien sitt omkverve. Det høgrevavviket vi har summert opp har vekse fram i partiet, moderne revisjonistisk i innhaldet, har og herja i økonomien. Dette høgrevavviket representerer eit revisjonistisk

åtak på den korrekte linja partiet har utvikla for økonomiarbeidet. På sikt utgjør dette åtaket eit livsfarleg trugsmål mot dei revolusjonære, proletariske prinsippa vi har for arbeidet med økonomien og finansane.

Om partiet degenererer til revisjonisme i partiøkonomien, er det verkeleg fære på ferde. Ikkje berre for økonomien isolert, men for partilina i sin heilskap. Økonomisk korrupsjon og freistnad på oppkjøp, er velkjente metodar borgarskapet nyttar for å øydeleggje den revolusjonære rørsle. Dette er eit lovbunde fenomen under kapitalismen og imperialismen!

SV og NKP er reindyrka dome på korleis monopolkapitalismen og imperialismen knytter borgarlege, revisjonistiske parti til seg med økonomiske band.

SV er fullt ut eit statsfinansiert parti. Heile SV si drift, lønene til det sentrale og lokale apparatet av byråkratar og pampar og finansieringa av ungdomsforbundet er betalt med statspengar. Det same gjeld pressa deira. Slik ser vi at eit revisjonistisk parti som SV er bunde til staten og borgarskapet økonomisk. Jau, desse pengane frå staten er i røynda uttrykk for det materielle grunnlaget for ein viktig del av arbeidararistokratiet i SV, bøstukne og korrumpert av monopolkapitalen.

For NKP gjeld akk rat det same. I tillegg er NKP knytta økonomisk til Moskva og sosialimperialismen. Dette syner at dei politiske og ideologiske band mellom dei revisjonistiske partia og monopolkapitalen/imperialismen er tufta på eit økonomisk, materielt grunnlag.

Slik ser vi at hardt økonomisk arbeid, masseline og sjølvbergning og dermed ei djup groft mellom proletariatet sitt parti og borgarskapet, står i uforenleg motsetnad til revisjonistiske prinsipp om byråkratiisme og finansiering frå staten og imperialismen.

Det perspektivet økonomien til SV og NKP reiser, syner at kampen mot hogreavviket i vårt eige økonomiarbeid må takast sers alvorleg. Om vi ikkje gjer det, vil vi ein dag stå med eit parti bunde til borgarskapet, ute av stand til å organisere etter korrekte prinsipp for tryggleik, og ute av stand til å leie noko som helst revolusjonære kamper.

For å verta i stand til å føre kampen mot hogreavviket på økonomien sitt omkverve, er det naudsynt å analysere innhaldet i avviket.

a) Det første vi vil vise til, er handsaminga av økonomiarbeidet på landsmøte. Vi vil hevde den påstanden at det på landsmøtet vart vedteke prinsipp som i røynda har vore eit program for revisjonistiske åtak på den korrekte hovudlinja partiet hadde i økonomiarbeidet på dette tidspunktet. Det vi her sikter til, er avsnittet om økonomien som står i den politiske beretninga partilandsmøtet vedtok. (Sjå partiboka, s. 144 ff./bokmålsutgåva).

I dette dokumentet heitler det at vi berre kan "basere vår økonomi på frivillige bidrag frå vanlige arbeidsfolk" og at vi må unngå "sløsing og rot". Beretninga slår fast at dette er "hovedprinsippene" for økonomiarbeidet i partiet.

Videre heitler det: "Sjøl om vi vil utnytte de legale mulighetene til å motta statsstøtte, vil vi aldri gjøre oss avhengig av slik støtte". (s.145)

Dette er dei prinsippa som er nemd. Kva inneber eigenleg dette?

For det fyrste står det ikkje eit ord om at grunnlaget for vårt økonomiarbeid er sjølvbergning, og hovudmetodane er massemobilisering kombinert med sentralisert leiding på alle nivå i partiet.

For det andre: Tilhøvet til statsfinansiering vert uttrykt på eit skummelt, prinsipplausert vis: Vi skal "utnytte de legale mulighetene til å motta statsstøtte", men aldri "gjøre oss avhengig" av dem. Her står ikkje eit ord om at statsstøtte må bannlyst som finansieringsgrunnlag for partiøkonomien. I det stutte vedtaket om økonomien er statsstøtte nemnd, mens sjølvberging ikkje er nemnd med eit ord! Proklamasjonen om ikkje å gjere oss "avhengig", er i røynda berre eit skalkeskjul for å degenerere partiøkonomien til voner om "hjelp frå staten", dvs. gjere partiet økonomisk bunde til borgarskapet!

For det tredje vantar konkrete røynslar totalt, slik som naudsynet av regelbundne, godt organiserte innsamlingar, innarbeiding av stilen om at partimedlemma gjev mest mogleg til partiet, at økonomien er eit linespørsmål at styra må leie dette arbeidsfeltet liksom andre oppgaver osv.

For det fjerde fremmer beretninga, under dokke av lina "fram for et parti for vanlige folk", ein sers skadeleg ide:

"Kamerater med dårlig økonomi, store familiebyrder eller andre vansker som hemmer deres partiarbeid, bør gis hjelp av partilaget" (Brtn./s. 40). Isolert sett, uttrykker dette ein tvers gjennom liberalistisk, revisjonistisk ide. Sjølv sagt skal vi taka omsyn til, og hjelpe kameratar med vansker! Men saka er at dette er det einaste som står. Det står ikkje eit kvokk om at partimedlem må fostrast til hardt arbeid, og enkelt liv og at alle partimedlem etter evne skal gje mest mogleg til partiet så regelbundet som råd.

Det 1. partilandsmøtet fatta og eit vedtak om "Reis partiets kampfond". Dette tek utgangspunkt i at økonomiarbeid er politikk, og naudsynt for revolusjonen. Dette syner at det fantes rette prinsipp og. Men det

er grunngeving knytta til eit einskildvedtak. I beretninga derimot, som skal uttrykke hovudlinene for økonomiarbeidet, vert dei marxist-leninistiske prinsippa bytta med fordekte, revisjonistisk prinsipp.

Konklusjonen vår er at beretninga uttrykker ei skadeleg, høgrevortunistisk line for økonomiarbeidet. Denne lina sniker inn stats finansiering som ein sentral økonomimetode i fordekt form.

Avviket avstår frå å propagandere for masselina i økonomiarbeidet, innsamlingar osv., og skuler at økonomiarbeidet må planleggjast og leiast etter leninistiske organisasjonsprinsipp. Det fører inn den liberalistiske ideen at partimedlemma skal gje minst mogleg til partiet.

b) Har dette fått praktiske konsekvensar? I høgste grad har det det. - Sentralt førte det til at økonomiarbeidet vart underprioritert ein lang periode.

- I distriktestyra og avdelingestyra har vedtektskravet om at den daglege leiinga (AU) skal inkludere kasserar, fleire stader vorti brøte. Ofte har økonomien "vorte delegert bort" til ein mindre leiande kader, som har måtte tumle med problema på eiga hand.

- DS-a har i altfor liten grad utvikla kollektivt leiing over økonomien (organisasjonsøkonomien, sovel som Oktober, lokal trykkeri-verksemd m.m.)

og soleis neglisjert arbeidet med å hjelpe og kontrollere økonomiarbeidet til avdelingestyra og dei lokale økonomikadrane.

I fleire DS har det aldri (!) vorti laga vitskapelege driftsbudsjett, og mange stader er reiknskapa (eller manglen på slike) under einkvar kritikk. Ofte vert ulike kasser blanda i hop ved at Oktober-pengar

har vorte nytta til å dekkje lokale likviditetskrisar, lokale drifts- midlar har så seinare vorte nytta til å betale ned Oktobergjeld, KK- gjeld osv., slik at økonomien har kome inn i ein ond sirkel med sommel, rot og slosing.

- Både på DS-plan og avdelingsplan har spontanisme og vantande plan- leggjing og sentralisme ført til sløsing av midlar ved t.d. at demonstra- sjonar, møte osv. har vort haldne utan innsamlingar. I staden for å vera sjølvberga har slike arrangementer ofte tært direkte på drifts- midlane.

- Særleg alvorlege følger har avviket fått for kontingentinndringa. Det er eit faktum at kontingentinngangen har betra seg sterkt i løpet av -74/-75. Men framleis legg altfor mange seg på dei låge satsane, og betalar minimum innafor desse. Vidare synér undersøkingar at det i alle distrikt finst medlem som ikkje betalar kontingent!

- Det er vidare eit faktum at det framleis finst avvik frå masselina i økonomiarbeidet. Det er korrekt og bra at medlemma tek på seg store byrder i økonomiarbeidet. Dette må vi halde fast ved. Men det er og eit faktum at progressive utafor partiet i altfor liten grad vert mobilisert til å stø partiet økonomisk. Her ligg store resursa uutnytta!

c) Det må arbeidast meir med å analysere økonomiarbeidet i partiet. Men vi har materiale nok for å grunngi den påstanden vi stilte inn- leiingsvis om at det eksisterer eit revisjonistisk avvik i økonomi- arbeidet, som må korrigerast og nedkjempast.

Nøkkelleddet i dette arbeidet på det organisatoriske omkvervet er å utvikle DSA sitt økonomiarbeid. Berre gjennom å utrydde feil og range idear i DSA, når det gjeld økonomien, kan vi greie å setja grunn- organisasjonane i stand til å jobbe tilfredsestillande med dette feltet.

V Om nokre viktige lærdomar frå økonomiarbeidet

5.1 Fast sentralisert leiing.

Det fyrste kravet vi må stille til økonomiarbeidet, er ei fast sentralisert leiing som rettleiar, kontrollerar og følgjer opp økonomiarbeidet i grunnorganisasjonane og blant medlemma. Det kan ikkje vera ei oppgåve som vi delegerar burt til ein "ekspert". Økonomiarbeidet er ei kollektiv oppgåve for eit styre. På same vis som politikken er ei kollektiv oppgåve som vert diskutert, organisert or kontrollert, må økonomien vera eit punkt på dagsorden når styrene diskuterer saker som har økonomisk konsekvens. Likeins må det vera ein særskilt økonomi-ansvarleg i den daglege leiinga for DS og avdelingestyret.

5.2 Bokføring

Viktige hjelpemidler i økonomiarbeidet er grundig bokføring. Gjennom det får vi kontrollen med kva penga vert brukt til, om vi gjer riktige prioriteringar osv. Bokføring må leggjast opp etter kor om- fattande økonomiverksemda er, frå enkle inn-ut kontoer til eit meir omfattande dobbelt bokføringssystem med fleire kontoer som dekkjer dei viktigaste inntekts og utgiftspostane i drifta.

Saman med rekneskapet må vi ha eit bilagssystem slik at rekneskapet kan kontrollerast. Dei ulike delane av partiøkonomien er infiltrert i kvarandre, sånn at når det er manglar ein stad må ein kanskje gå vidare til eit anna nivå i organisasjonen for å kontrollere. Dette er sporesmål om å ha eit legalt økonomiarbeid i partiet i hove til vedtektene. T.d. kan det lenge etterpå kome spørsmål om konting- enten er innbetalt, da må ein kunne vise kvittering på at ein har bet- alt sånn at ein kan leite andre stadar om kontingoten har kome bort på vegen.

DS har ansvaret for å kontrollere at rekneskapet stemmer og at det vort ført på ein skikkeleg måte. DS må og løyse problemet med sikringsarbeid med rekneskap. Det bør derfor vera rutinemessig kontroll av rekneskap, sånn at kvitteringar med navn o.a. kan brennast.

For kontingenten må det vera eit særskilt system som gjer det lett å sjå om kontingent frå medlema er betalt til avdelinga, om alle avdelingane betaler til DS. Slurv i dette arbeidet som og foregår idag har ført til at store kontingentsummar ikkje kjem til sentralkomiteen og må reknast som brot mot partidisiplinen og SK sine direktiv anten det er medvetent eller ikkje.

5.3 Budsjettering og planleggjing.

På grunnlag av eit godt rekneskap vert det lettare å budsjettere. Budsjetta er eit politisk dokument som gjev uttrykk for den økonomiske sida ved partiet sine politiske planer. Utarbeidinga av budsjettet er derfor ikkje noko som kan gjerast av ein kamerat, men må vera ei oppgåve som er nært knytta til diskusjonane om den politiske planleggjinga. I budsjettet må prioriteringa mellom oppgåvene kome klart fram. Eit budsjettt som er utarbeida på dette viset, gjev eit klart bilete av kva som må gjerast i partiorganisasjonen for å sikre dei naudsynte oppgåvene. Utfrå budsjettet kan vi planleggje korleis økonomiarbeidet skal gjennomførast politisk og organisatorisk i partiet.

5.4 Økonomikampanjene må planleggjast grundig.

Utanom det vanlege økonomiarbeidet som gjeld partiet si drift, har partiet ein rekkje sentrale økonomikampanjer frå tida til anna for å styrkje særskilde delar av den sentrale økonomiværksemda: Klassekampen, Oktober trykkeriet osv.

Desse økonomikampanjene har hatt ei positiv innveknad på økonomiarbeidet avdi det har vori støtte, intensive kampanjer som har gjeve gode resultat og gjort det lettare for mange medlem å sjå kva for viktig tyding økonomien har for partiet si værksemd.

Økonomikampanjer er derfor ikkje noko "krisetiltak", men ein viktig del av økonomiarbeidet som vi vil halde fram med både avdi det styrkjer viktige delar av den økonomiske området og avdi det gjer partiet meir medvetent om økonomien sin store rolle.

Ansaret for dette ute i organisasjonen ligg på styra og dei som har eit særskilt ansvar for økonomien. Ei bra gjennomføring av dette har vi fleire gonger sett ligg på om korleis planleggjinga er gjort på distrikts og avdelingsnivå. Det må meire til enn allmenne oppmodingar.

Vi må gje konkret rettleiing til gjennomføringa av slike kampanjer og medlemme må mobiliserast gjennom politiske diskusjonar på innhaldet i kampanjene. Vidare har styra eit særskilt ansvar for at kampanjene får ein god start. Ei kampanje som snart byrjar å gje resultat, oppmuntrar og motiverar partiet og venene våre rundt partiet til å yte meir. Dette krev kontroll av gjennomføringa av kampanja og oppfølging frå styra si side for å rettleie der det går treigt.

5.5 Kjemp mot revisjonisme i økonomiarbeidet

I eit tidlegare punkt har vi teki for oss det revisjonistiske avviket frå partilina i økonomiarbeidet. I kampen for å styrkje det økonomiske arbeidet, vil vi møte på avvik frå den korrekte lina i økonomien. Både avdi økonomien krev stor plass i arbeidet og i prioriteringa av oppgåvene våre, vil kameratar hevde at "det politiske arbeidet er overordna økonomien." Eller vi vil møte motstand, avdi økonomiarbeidet stiller krav til vår eigen private økonomi og livstil. Alle tendensar til å undergrave det økonomiske arbeidet i partiet må vi møte med ideologisk kamp og utvikle den korrekte kommunistiske lina for

økonomiarbeid, mot revisjonistiske og opportunistiske ideer og avvik.

5.6 Nøysemd i økonomiarbeidet - unngå slosing.

Å ta godt vare på partiet sin eigendom, ressursar og materiell er eit prinsipp for kommunistiske parti. Nøysemd og kamp mot slosing er noko som må innskjerpast overfor alle medlema. Det er mange dome på at partiet sitt materiell har vorti dårleg handsama. Kameratane ser ikkje at partiet sin eigedom er noko som er bygd opp av medlema sin kontingent og på innsamla midler, og at øydeløggjing tyder sabotasje av mange kadrar sitt harde arbeid.

5.5 Skilje mellom drift og investeringar.

Det er to deler av økonomiarbeidet som vi må halde eit klårt skilje mellom: partiet sin drift og partiet sine investeringar. Partiet sin drift vert finansierte av kontingenten. Utover det bør vi frå kontingenten avsetje midler til situasjonar kor ein trong pengar raskt eller avsetje midler til investeringar. Til investeringar er det vanleg at vi har innsamlingar frå medlema og venar og sympatiserar, dette er midlar som er øremerka til særskilte foremål og må ikkje brukast til drift og anna. Ein slik bruk av innsamla midler er undergraving av sjølvbergingslina avdi det oppmodar til ikkje å sikre nok inntekt gjennom kontingent.

VI. Retningsliner for DS sitt økonomiarbeid.

Av det som no er lagd fram skal vi oppsumere ein del som vi kan formulere som retningsliner for DS sitt økonomiarbeide.

6.1 Økonomien er ei kollektiv oppgåve.

DS må gjennomføre at økonomien vert ein kollektiv oppgåve som tek opp til regelbundne diskusjonar. De må studere, drøfte og planleggje sånt som budsjett for DS, kontingentinngangen, sentrale kampanjer, skoleing og motivering av medlema si økonomiske verksemd osv.

AU i DS har eit særskilt ansvar for å ha fortløpande diskusjon og kontroll av økonomiarbeidet.

6.2 Fast sentralisert leiing.

Dersom økonomiarbeidet ikkje skal vorta eit slag i lufta må det sikrast ein fast sentralisert leiing av dette arbeidet.

For det fyrste gjennom ein kasserar som har den daglege leiinga og som sit i AU. For det andre at det vort avset økonomiansvarlege på viktige områder kor det er naudsynt. T.d. i bokutsal, i produksjon, i arbeid med organisasjonen osv.

6.3 Rekneskap, budsjett, planleggjing.

Planleggjing, budsjettering og rekneskapsføring må innarbeidast må alle område kor økonomien inngår som ein viktig del. Ein bør skilje mellom ulike verksemdar som DS sin drift, kontingentinngang, bokutsal, o.l., samtundes som det forast sentral kontroll over dei ulike verksemdene.

Rekneskap må forast slik at dei gjev eit godt oversyn over verksemda og slik at det er lett å kontrollere. Rekneskapet må utviklast sånn at det kan vera eit reidskap mot rot, slosing, misbruk og eventuelt underslag.

Det må utarbeidast regelmessige budsjett for ei fast tid framover på grunnlag av tidlegare rekneskap og planar for framtida. Budsjetta skal gje uttrykk for politikken vi legg opp og prioriteringa av oppgåvene.

Kasserar og AU må jamnleg kontrollere at rekneskap og budsjett er overens, for å unngå spontanitet i arbeidet avdi det ikkje lenger

fins pengar i kassa for å dekkje viktige politiske oppgåver.

Vidare må det leggjast planar og målsetjingar for parti-organisasjonane som må kontrollere og følgjast opp.

6.4 Organisasjonsøkonomien er det grunnleggjande for DS sitt økonomi-arbeid.

Dei driv med ulike typer økonomiarbeid som krev meir og mindre arbeid. Men arbeidet med å sikre og drive kamp for å auke kontingentinngangen, må heile tida vera den viktigaste oppgåven. Heile partiet si drift, frå topp til bunn er basert på kontingenten.

6.5 Om ulike område i økonomien.

Det er fleire ulike område innfor økonomien som DS skal vera leiande på og som dei har ansvaret for politisk og organisatorisk.

- a) Kontingenten, auke og drive inn kontingenten og derigjennom og sikre si eiga drift.
- b) Øktar sine filialar og bokutsal i distriktet
- c) Trykkeriverksemdar eller andre produsjonsverksamder.
- d) Sentrale kampanjer.

Samanhengen mellom desse ulike områda er at dei krev ei fast sentralisert leiing frå DS, og ansvarlege innfor kvart område. Om det vert drivi dårleg arbeid innfor eit område, har det stor innverknad på andre område. Om DS t.d. ikkje sikrar si eiga drift, forar det ofte til at trykkeri o.l. ikkje får betalt for arbeid og får økonomiske problem. Eller om vi ikkje driv godt økonomiarbeid i trykkeri eller bokutsal kan dette krevje kapital frå DS sin driftskapital osv.

På den andre sida skal desse verksamdene drivast skild frå kvarandre med eigne rekneskap, budsjett o.l. og ha som målsetjing å vera sjølv-finansierte.

6.6 Masselina.

DS må arbeide for å utvikle medlemma sin aktivitet i økonomiarbeidet, gjennom å utvikle organisasjonsarbeidet, skoleringa og studietilbodet. Arbeidet må ikkje stoppe med våre eigne medlem.

Arbeidet må gjelde såvel massene rundt partiet, som økonomiarbeidet i frontorganisasjoner vi deltok i. DS må arbeide for å utvikle medlemma og massene rundt partiet med å gjera dei medvetne om at økonomien er eit fundament for politisk arbeid og at alt politisk arbeid kostar pengar. Partiet må mobilisera dei til å ta del i økonomiarbeid som innsamlingar, gaver til partiet o.l. T.d. gjennom å finansiere alle demonstrasjonar med innsamling blant demonstrantane.

6.7 Kjemp mot revisjonisme, korrupsjon og sløseri.

DS må ha ei stram line overfor alle tendensar til sløsing med partiet sine ressursar og liberal handsaming av partiet sine eigedomar og tustyr. Får slike avvik utvikle seg, vil partiet sitt materiell fundament verta svekka og undergravd.

6.8 Om å rettlege, kontrollere og oppfostre avdelingsstyra.

Avdelingsstyra er eit nøkkelpunkt i økonomiarbeidet som DS må drive eit langsiktig, planmessig og tålmodig arbeid med å utvikle i økonomiarbeidet. DS må hjelpe avdelingsstyra med konkret rettlegeing på dei viktigaste område i økonomien, setje målsettingar, kontrollere og følgje opp dette arbeidet. Gjennom studietilvisning og skoleringsopplegg bør DS leggje vekt på å fostre fram avdelingsstyrar.

6.9 Vern om partiet sine eiendomar

Alt utstyr og eiendom som partiet har investert er resultat av medlems og massens rundt partiet sin aktivitet og må handsamast var- somt. DS bør gje retningslinjer for bruk av utstyr og følgje opp at dei vort fulgt.

6.10 Om tilhøvet til sentrale organ

Partiet sine vedtekter slår fast at all eiendom på alle nivåer innafor partiet tilhører Sentralkomiteen. Lågare nivåer har berre disposisjonsrett over eiendomen i samsvar med SK sine direktiv. DS bør for det fyrste gjera dette prinsippet klart for partiorganisasjon og for det andre rådføre seg med SK om alle disposisjonar av partiet sin eiendom som kan stri med partiet sitt arbeid og retningslinjer på det økonomiske området.

Alle direktiv frå SK om økonomiske saker, må studerast, drøftast og setjast ut i livet likeså samvitsfullt som sentrale direktiv for andre felt av partiet si verksemd.